



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Sauda kommune  
Postboks 44  
4201 SAUDA

Vår dato: 02.01.2019  
Vår ref.: 201600827-13  
Arkiv: 323  
Deres dato: 14.12.2018  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Svein Arne Jerstad

## **NVEs uttalelse Detaljregulering for grustak på del av GBnr 45/1 Birkelandsmoen - Sauda kommune**

Viser til deres oversendelse av høringsdokumenter datert 22.03.2018. samt vår tilbakemelding vedrørende grunnvann av 26.03.2018 og Notat fra Norconsult datert 14.12.2018.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og veiledning om hvordan disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven.

Bakgrunnen for vårt spørsmål av 26.03.2018, var usikkerhet knyttet til om tiltaket ville medføre konsekvenser for grunnvannstanden i planområdet og tilgrensende områder.

I forbindelse med etablering av grunnvannsbrønner for kommunal vannforsyning er det gjort vurderinger som er presentert i Rapport grunnvannsundersøkingar på Austerheim, COWI desember 2006.

Notat fra Norconsult tar utgangspunkt i COWI rapporten, og konkluderer med at utvidet masseuttak ikke vil påvirke hverken kvalitet eller kapasitet for grunnvannsuttaget ved Austerheim.

Videre i notatet er det vist til at masseuttaket vil kunne gi lokal grunnvannssenkning nærmest uttaksområdet. Men det er per i dag ikke gjort noen geotekniske vurderinger i forhold til setningsfare på bygg eller infrastruktur.

Det beskrives videre at det er planlagt etablering av observasjonsbrønner for å dokumentere grunnvannsnivå over tid og til vurdering av setningspotensiale.

NVE legger til grunn at eventuelle konsekvenser som følge av endret grunnvannsnivå vil bli fulgt opp med relevante avbøtende tiltak. Vi anbefaler kommunen å innarbeide en reguleringsbestemmelse som vil ivareta oppfølging av dette tema.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

**For generell informasjon og veiledning knyttet til NVEs saksområder viser vi til:**

- [NVEs karttjenester](#) viser informasjon om flom- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#) beskriver hvordan interessene bør ivaretas i planen, slik at en unngår innsigelse.
- [NVEs retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) beskriver hvilke flom- og skredprosesser som kan utgjøre fare, og hvordan disse farene bør utredes og innarbeides i planen.
- [NVEs sjekkliste for reguleringsplan](#) er et nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområder er vurdert og godt nok dokumentert.
- Flere nyttige veiledere og verktøy finnes på [www.nve.no/arealplan](http://www.nve.no/arealplan).

Med hilsen

Anne Cathrine Sverdrup  
regionsjef

Svein Arne Jerstad  
senioringeniør

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland  
Norconsult AS - Haugesund

**Fra:** Jerstad Svein Arne <saj@nve.no>  
**Sendt:** 26. mars 2018 16:02  
**Til:** Postmottak Sauda  
**Kopi:** Sverdrup Anne Cathrine; Haugen Kristin  
**Emne:** Spørsmål til Offentleg ettersyn - Reguleringsplan for grustak på del av GBnr. 45/1 - Birkelandsmoen - Sauda

**Kategorier:** Postføring

Visert til reguleringsplan for 45/1 Birkelandsmoen som er ute på offentlig ettersyn. I samband med oppstart av reguleringsarbeidet peika NVE mellom anna på tilhøvet til eventuelle konsekvensar for grunnvatn.

I KU pkt. 4.16 er vist oversikt over grunnvatnet i området. Det er ikkje sagt noko konkret om ROS anna enn i pkt 7.1 Samandrag kor ein seier:

*Den andre ikkje ønska hending er påverknad av førekomsten (kjelda) til grunnvatn langs Storelva. Hendinga viser lågt sannsyn og små konsekvensar. Det er allereie etablert kontroll-rutinar for kvalitet og nivå for førekomsten av grunnvatnet ved kommunen sin brønn ca. 1,1 km nordaust av endeleg grense for grustaket. Det er ikkje behov for andre endringar i planen.*

Vi kan ikkje ut frå det som ligg føre sjå kva konkret som er gjort for å konkludera som ein gjer her. At det er etablert kontrollrutiner for kvalitet og nivå for førekomsten er ikkje noko dokumentasjon på om tiltaket vil kunne påverke grunnvatnet i området.

Slik dette er lagt fram nå meiner NVE dette er ein mangel ved planen.

Før vi kjem med endeleg høyringsuttale må vi be om klargjering av kva som er gjort for å dokumentera dette tema.



Svein Arne Jerstad  
Distriktsingeniør  
NVE Region Sør  
48006933  
[saj@nve.no](mailto:saj@nve.no)  
[www.nve.no](http://www.nve.no)



Sauda kommune  
Postboks 44

4201 SAUDA

11.04.2018

Deres ref.: 12/199-27/18/4006

Saksbehandler: Synnøve Hognestad  
Direkte innvalg: 51 51 66 92

Saksnr. 16/3555  
Løpenr. 26516/18  
Dok.nr: 15  
Arkivnr.

## UTTALELSE TIL DETALJREGULERING FOR GRUSTAK PÅ BIRKELAND GNR.45, BNR.1, SAUDA KOMMUNE

Vi viser til overnevnte sak som er sendt til fylkeskommunen for uttalelse, og til uttalelsen til varsel om reguleringsarbeid datert 07.03.2016.

I uttalelsen til planvarselet ble det gitt råd om at det bør utarbeides konsekvensutredning. Videre ble det pekt på at det bør utformes rekkefølgekrav for etappevis uttak av masser og tilbakeføring.

Konsekvensutredning er utarbeidet, og fylkeskommunen mener at utredningen dekker de vesentlige konfliktområdene i saken på en god måte. Utredningen og planforslaget sier likevel lite om konsekvensene for landskapet etter at uttaket er ferdig.

I følge «Temaveileder – uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven» [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/2011/vedlegg/veiledninger/mineralske\\_forekomster/temaveileder\\_mineral.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/2011/vedlegg/veiledninger/mineralske_forekomster/temaveileder_mineral.pdf) skal krav om fortløpende avslutning og istandsetting hjemles i driftsplan. Krav til eller forutsetninger om etterbruk skal fastsettes i reguleringsplan. I dette ligger det at terrengutforming etter endt uttak fortrinnsvis bør avklares i reguleringsplanen.

Fylkeskommunen gir faglig råd om at det blir det innarbeidet en bestemmelse som gir klarere krav til terrengutforming, blant annet for å sikre mulighet for å drive landbruk. Areal som skal fulldyrkes bør ikke overstige en viss helling. Bestemmelsen bør også gi et konkret krav til utforming av landskapet mot kraftlinja i nord.

Med hilsen

Synnøve Hognestad  
rådgiver

Paal Kloster  
rådgiver

POSTADRESSE  
Postboks 130 Sentrum  
4001 Stavanger

BESØKSADRESSE  
Arkitekt Echoffsgt.1  
Stavanger

TELEFON  
51 51 66 00

TELEFAKS  
51 51 68 90

BANKGIRO: 3201.05.50520

E-POST: [firmapost@rogfk.no](mailto:firmapost@rogfk.no)

INTERNETT: [www.rogfk.no](http://www.rogfk.no)

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*

Bruk vår referanse/vårt saksnummer når du svarer på brevet

Kopi:  
Fylkesmannen i Rogaland  
Statens vegvesen



## Statens vegvesen

Sauda kommune  
Postboks 44  
4201 SAUDA

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Marte Ness Aarak / 95744515	Vår referanse: 18/59143-2	Deres referanse: 12/199-27	Vår dato: 17.04.2018
-----------------------------------	---	------------------------------	-------------------------------	-------------------------

### **Fv. 714– Uttale til høring og offentlig ettersyn – Detaljregulering for grustak på Birkeland – Gnr. 32 bnr. 3 m.fl. – Sauda kommune**

Statens vegvesen viser til mottatt brev datert 22.03.2018. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for utviding av eksisterende grustak. Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanen.

Planområdet har tilkomst fra fv. 715. Statens vegvesen sine interesser i området er knyttet til krysset mot fylkesvegen og vi uttaler oss på vegne av Rogaland fylkeskommune som vegeier.

Til fornyet varsel om oppstart ble kryssområdet til fv. 715 tatt med i planen. Krysset må utformes i tråd med *håndbok N100 Veg- og gateutforming* og må ha radier tilpasset lastebil  $r_{dim}=12$ . I planbestemmelsene må det stilles krav til teknisk plan for utforming av krysset mot fylkesvegen. Teknisk plan skal være i samsvar med håndbok *R700 Tegningsgrunnlag* og inneholde teknisk grunnlag, som f.eks. C-tegninger og plan for håndtering av overvann. Teknisk plan som berører fylkesveg skal godkjennes av Statens vegvesen. Før byggestart skal det også være inngått en gjennomføringsavtale med Statens vegvesen.

Plan- og forvaltningsseksjon Haugesund  
Med hilsen

Ivar Thorkildsen  
Seksjonsleder

Marte N. Aarak

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Rennesøygata 16  
5537 HAUGESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Kopi

Rogaland fylkeskommune – Samferdsel, Postboks 130 Sentrum, 4001 STAVANGER





**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Sauda kommune  
Postboks 44  
4201 SAUDA

Dato: 27.04.2018  
Vår ref: 16/00870-6  
Deres ref: 12/199-31/18/5338

## Fråsegn til Høring og offentlig ettersyn av detaljregulering for grustak på Birkeland gbnr 32/3 i Sauda kommune

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 18. april 2018.

### Om planen

Planen skal vidareføre uttaket på Birkelandsmoen i Sauda. Planen inneberer ei utviding på om lag 65 daa. Planen er konsekvensutgreiia. Det er søkt konsesjon for uttaket.

### Fråsegn til planen

Under føresegna 3.1 §17 nyttast formuleringa «(..) Område som har dårleg kvalitet på massar skal i første omgang stå urørt.» DMF si oppfatning er at ressursane i kjende førekomstar der det er opna uttak skal utnyttast i så stor grad som mogleg. DMF meiner derfor at formuleringa må takast ut av føresegna fordi den kan vere førande for drifta av uttaket og at den ikkje bidreg til god forvaltning av ressursane. Kvaliteten på massane innafor området der det skal drivast uttak og korleis dei skal drivast ut følgjer av driftsplanen. Det er søkt konsesjon for uttaket og det vil bli gjort ei bergfagleg vurdering av driftsplanen.

Føresegn §21 under punkt 3.2 bør takast ut. Skråningsvinklar i avslutta skråningar kan høre til i reguleringsplanen, men som hovudregel ikkje vinklar knytt til skråningar under drift. Gjeld føresegna avslutta skråningar bør det presiserast. I driftsplanen blir det opplyst at skråningane under drift kan vere betydeleg brattare enn det som går fram i føresegna. Om ein ønskjer å ta med detaljar til korleis skråningane skal utformast under drift må dette følgjast av ei grunnngjeving i planskildringa. Uttaket skal alltid sikrast i tråd med sikringsplikta.

Vi minner om at området skal vere varig sikra når arbeida vert avslutta. Sikringstiltak som krev vedlikehald regnast normalt ikkje som varig sikring, så fram det ikkje ligg føre avtale om framtidig vedlikehald.



Med helsing

Hilde Marie Lingstad  
seksjonsleiar

Lars Libach  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Lars Libach

Mottakarar:

Sauda kommune

Postboks 44

4201 SAUDA

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland

Postboks 59, Sentrum

4001 STAVANGER

---

**Fra:** Ørjan Djuv  
**Sendt:** 27. april 2018 13:19  
**Til:** Tone Storesund  
**Emne:** VS: 18/4006 Høring og offentlig ettersyn - Detaljregulering for grustak på Birkeland Gnr./Bnr. 32/3 m.fl.

**Kategorier:** Grønn kategori

Vil du registrere dette i sak 12/199

Ørjan

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Bernt O Schibeavaag  
**Sendt:** 27. april 2018 13:13  
**Til:** Ørjan Djuv  
**Emne:** SV: 18/4006 Høring og offentlig ettersyn - Detaljregulering for grustak på Birkeland Gnr./Bnr. 32/3 m.fl.

Detaljregulering for grustak på Birkeland Gnr./Bnr. 32/3 m.fl.

Ein må ta vare på matjorda og deretter nytta den i samband med tilbakeføring til innmarksareal.

Matjord skal ikkje kjørast bort.

Det må vera ein plan for uttak slik at areal kjem raskast i landbruksproduksjon att.

Etter uttak slutt, skal arealet tilpassast kulturlandskapet i området.

Bernt Schibeavaag  
næring

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Mari Sævereide Aartun  
**Sendt:** 22. mars 2018 11:04  
**Til:** Bernt O Schibeavaag  
**Emne:** 18/4006 Høring og offentlig ettersyn - Detaljregulering for grustak på Birkeland Gnr./Bnr. 32/3 m.fl.

Se vedlagt høringsbrev for reguleringsplan for grustak på Birkelandsmoen i Sauda kommune.

Mari Sævereide Aartun  
Saksbehandler teknisk / kundetorg

Sentralbord: 52 78 62 00  
Mandag, torsdag og fredag: 52 78 62 20  
Tirsdag og onsdag: 52 78 63 03  
[mari.sævereide.aartun@sauda.kommune.no](mailto:mari.sævereide.aartun@sauda.kommune.no)

Besøksadr: Rådhusgt. 32, 4200 Sauda

Postadr: Pb. 44, 4201 Sauda

[www.sauda.kommune.no](http://www.sauda.kommune.no) <<http://www.sauda.kommune.no/>> Se vår brosjyre  
<[http://www.visbrosjyre.no/sauda\\_kommune/MailView/](http://www.visbrosjyre.no/sauda_kommune/MailView/)>

ArkivReferanse:#d0a4dabed94a4b9da831e694fd4fd63a2012000199#ACOS.WEBSAK#

SAUDA KOMMUNE  
Postboks 44  
4201 SAUDA

Mari Sævereide Aartun

Deres ref:  
Vår ref: 2018/72344  
Dato: 03.05.2018  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



## UTTALE TIL HØRING OG OFFENTLIG ETTERSYN - DETALJREGULERING FOR GRUSTAK PÅ BIRKELAND GNR/BNR 32/3 M FL

Vi viser til høring av detaljregulering for grustak på Birkeland gnr. 32 bnr 3, datert 22. mars 2018, deres ref. 2/199-27/18/4006.

Mattilsynet vurderer at planen ikke er i strid med kravene i drikkevannsforskriften om forbud mot forurensning av vannkilder. Vi støtter oss på Sauda vannverk sine vurderinger av avstanden til og beliggenhet i forhold til vannkilden.

Mattilsynet ber om at det tas nødvendige hensyn ved eventuell flytting av jordmasser slik at en ikke sprer planteskadegjørere. For info se [https://www.mattilsynet.no/planter\\_og\\_dyrking/planteskadegjorere/floghavre/risiko\\_for\\_spreddning\\_av\\_planteskadegjorere\\_og\\_floghavre\\_i\\_forbindelse\\_med\\_anleggsarbeid.22145](https://www.mattilsynet.no/planter_og_dyrking/planteskadegjorere/floghavre/risiko_for_spreddning_av_planteskadegjorere_og_floghavre_i_forbindelse_med_anleggsarbeid.22145)

Vi har ikke merknader utover dette.

Med hilsen

Åshild Skeie  
seniorinspektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*





FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

-

Vår dato: 04.05.2018

Vår ref.: 2016/1728

Arkivnr.: 421.4

Sauda kommune  
Postboks 44  
4201 Sauda

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Fråsegn til offentlig ettersyn av plan 2012-001, utvida grustak Birkelandsmoen, gnr. /bnr. 45/1 i Sauda kommune

Fylkesmannen er positiv til tiltaket og ønska etterbruk, men viktige forhold knytt til tilbakeføring, utforming og landskapstilpassing er ikkje godt nok sikra i føresegnene. Vi har difor motsegn til reguleringsforslaget slik det no ligg føre med forslag til korleis motsegna kan imøtekommast.

### Bakgrunn for tiltaket

Vi viser til sak sendt 22.mars 2018. Planområdet ligg på Birkelandsmoen mellom Storelva og fv. 520, ca. 2 km aust for Sauda sentrum. Planen er ei vidareføring av eit eksisterende grusuttak som er i samsvar med kommuneplanen og Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke. Det føreslegne planområdet er om lag 200 dekar og omfattar også om lag 110 dekar frå gjeldane plan. Samla areal med ny og eksisterande plan utgjer 190 dekar til massetak og produksjon. Planforslaget legg til rette for eit uttak av om lag 1,8 milloner m<sup>3</sup> faste masser.

Ved andre varsling blei det lagt til grunn at det var nødvendig med ei avgrensa konsekvensutgreiing knytt til tema som landskap, landbruk, støy, støv, naturmangfald og vassdrag/flaumsoner. Konsekvensutgreiinga dekkar temaa greitt. Det er mange gode intensjonar med tiltaket, men ikkje alle er følgt godt nok opp i dei juridiske dokumenta.

### Landskap og tilbakeføring

#### *Etappevis tilbakeføring*

Den suksessive tilbakeføringa av området må sikrast betre i reguleringsplanen. I føresegnenes § 26 står det: *Areal som ikkje lenger skal nyttast til produksjon eller lagring skal fortløpande opparbeidast og dekkjast til med matjord slik at det vil vera gunstig for framtidig landbruk/skogbruk.*

Det er positivt at gardsbruket og eigar får midlar som kan styrka drifta av garden under driftsperioden. Men dette forsvarer likevel ikkje at områda står opne og ute av produksjon over lengre tid enn nødvendig. Dette er heller ikkje intensjonen i føresegna, men kan bli konsekvensen då den ikkje er konkret nok. Vi fremmer derfor **motsegn** til reguleringsforslaget p.g.a. manglande

føringar for tilbakeføringa. Motsegna kan imøtekomast med ein plan som sikrar meir konkrete krav til trinnvis tilbakeføring, til dømes ved at ein meir detaljert etappeplan blir knytt til reguleringsføresegnene eller plankartet.

#### *Terrengebearbeiding og landskapstilpassing ved tilbakeføring*

Området er i dag eit ope og karakteristisk kulturlandskap. I føresegn § 27 står det at; «*når drifta er avslutta skal heile arealet opparbeidast og oppførte bygningar fjernast slik at overgangane mellom omliggande landbruksareal og det nye terrenget blir mest mogleg jamt og naturlege og gunstige for landbruksdrift.*»

Fylkesmannen er positiv til intensjonen i føresegna; at landskapet skal tilpassast eksisterande kulturlandskap ved tilbakeføring. Vi saknar derimot presiseringar av kva som er meint med «naturlege og gunstige forhold for landbruksdrift». Føresegnene bør sikra meir konkrete føringar for terrengebearbeidinga ved etterbruk. Planen opnar for eit uttak på opptil 18-20 meter under dagens terreng. I samband med dette stiller vi oss spørsmåla; kva vil ein jamn og naturleg overgang seie og korleis er tilbakeføringa av uttaket tenkt i forhold til eksisterande terreng? Det er ulike erfaringar ved tilbakeføring av areal etter uttak der landskapet har endra karakter, med mange ulike nivå som framstår som eit framandelement i opne landskapsrom. Vi fremmer derfor **motsegn** p.g.a. manglande sikring av viktige forhold knytt til terrengebearbeiding og tilbakeføring. Dette kan til dømes sikrast gjennom makskrav til stigningar eller gjennom ein tilbakeføringsplan som viser nytt terreng med snitt-teikningar.

#### *Tilbakeføring til landbruk og skogbruk- forslag til krav til kvalitet*

I § 26 står det at arealet skal tilbakeførast til landbruk/ skogbruk. Det kan tolkast som enten eller, men etter dialog med forvaltningsleiar Ørjan Djuv, forstår Fylkesmannen det slik at det er aktuelt med begge deler. Med skogbruk i skrånande terreng og landbruk på sletta/botn av uttaksområdet. Sikring av god landbruksjord for framtida er eit viktig nasjonalt mål. Fylkesmannen meiner at mykje av arealet har forutsetningar for å bli sett i stand til fulldyrka jord. Då er det viktig at det blir sikra optimale forhold gjennom føresegnene. Arealet som skal brukast til landbruksjord må ikkje ha ei brattare stigning enn 1:8 slik at arealet blir tilpassa maskinell drift. Føresegnene må og sikre at det øvre jordlaget, etter tilbakeføring, skal vere fritt for store steinar med pløydjupn på 50 cm. Vi fremmer derfor **fagleg råd** om at krav til kvalitet og etterbruk blir tilstrekkeleg sikra i føresegnene.

#### *ROS-analysen*

Fylkesmannen viser til NVE sin e-post av 30.04.18 om grunnvatnet i høve til punkt 5.2.3, og støttar NVE i at meir dokumentasjon er naudsynt for å kunne svare på om dette har konsekvensar for grunnvatnet. Vi føreset at kommunen følgjer dette opp.

Fylkesmannen er open for dialog i den vidare reguleringsprosessen.

Med helsing

Harald Thune  
assisterande fylkesmann

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Ine Woldstad  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 98  
E-post: fmroiwo@fylkesmannen.no



**Kopi til:**

<b>Rogaland fylkeskommune</b>	<b>Postboks 130</b>	<b>4001</b>	<b>Stavanger</b>
<b>NVE Norges vassdrags- og energidirektorat</b>	<b>Postboks 5091</b>	<b>0301</b>	<b>Oslo</b>
<b>Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard</b>	<b>Majorstuen</b>		
<b>Statens vegvesen, Region Vest</b>	<b>Postboks 3021</b>	<b>7441</b>	<b>TRONDH EIM</b>
	<b>Lade</b>		
	<b>Askedalen 4</b>	<b>6863</b>	<b>Leikanger</b>





Sauda kommune  
Postboks 44  
4201 Sauda

Kontakt saksbehandlar

Trond Olav Fiskå, tlf. 51 56 88 69

## Tilbakemelding til kommunen på revidert reguleringsforslag – Plan 2012-001

### Bakgrunn for saka

Reguleringsplan 2012-001 blei lagt ut til offentlig ettersyn i mars 2018. Planforslaget skulle legge til rette for videreføring og utviding av eksisterende grusuttak rundt 2 km aust for Sauda sentrum. Planområdet var på rundt 200 dekar innafor eit areal som er klarert til råstoffutvinning i kommuneplan. Fylkesmannen hadde motsegn i brev datert 04.05.18 ettersom viktige forhold knytt til tilbakeføring, utforming og landskapstilpassning ikkje var tilstrekkeleg sikra i planforslaget.

Saksbehandlar Ørjan Djuv har på vegne av kommunen kome med forslag for å løyse Fylkesmannens motsegner med revidert kart, føresegner og skisser for driftsplan og avslutningsplan, jf. e-postar den 28. februar og 26. mars. Kommunen ønsker nå tilbakemelding på om vi kan trekke motsegnene med grunnlag i nye endringsforslag. Fylkesmannen viser elles til vår tilbakemelding til kommunen i e-post den 20.mars.

### Fylkesmannen si vurdering

Vi har gjort ei ny vurdering av saka etter den siste førespurnaden frå kommunen og har med bakgrunn i reviderte planføresegner datert 26. mars og nytt plankart følgande tilbakemelding:

Kommunen sendte i e-post til Fylkesmannen den 28. februar snitt-teikningar som viser det aktuelle landskapet etter tilbakeføring. Vi har tidlegare vurdert løysninga som desse snitt-teikningane legg opp til som forsvarleg ut frå omsynet til tryggleik og landskapet i området. Snitt-teikningane viser eit stadvis bratt terreng, særleg i overgangane mot eksisterande terreng. Vi har i vår vurdering likevel lagt avgjerande vekt på at det er ønskeleg med produktivt jordbruksareal i botn av uttaksområdet, og at landskapsinteressene også må vurderast i lys av at dette er eit klarert område for råstoffutvinning i kommuneplanen. Vi vurderer vår motsegn knytt til landskap og tilbakeføring som tilstrekkeleg imøtekomen dersom kommunen i føresegnene sikrar ei nødvendig kopling mellom reguleringsplanen og desse konkrete snitt-teikningane. Føresegnene i §§ 27 og 37 må derfor presiserast med henvising til snitt-teikningane frå kommunens oversending til Fylkesmannen den 28. februar.



I dei føreslegne føresegnene under § 41 står det at: «Total driftstid for tiltak i planområdet er berekna til ca. 20 år.» Slik denne føresegna no er formulert ber den meir preg av ei retningsline for slutføringa og ikkje som ei juridisk binding. Kommunen må endre føresegna slik at den slår fast eit bestemt tidspunkt for slutføringa. Ei driftstid på 20 år er lang sett i lys av storleiken på uttaksområdet. Med bakgrunn i at området er klarert til råstoffutvinning kan vi likevel akseptere ei slik tidsavgrensing gitt at den blir formulert som ei forpliktande føresegn.

Fylkesmannen vurderer våre motsegner som tilstrekkeleg imøtekomne dersom kommunen endrar reguleringsplanen i tråd med våre innspel ovanfor.

Med helsing

Harald Thune  
assisterande fylkesmann

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger

Ivar Tangeraas  
Birkelandsvegen 56  
4200 Sauda

Sauda 12-05-2018

Sauda Kommune  
Teknisk etat/planavdeling  
Rådhuset

Høyring til forslag for ny reguleringsplan for grustak på Birkelandsmoen.

Som næraste nabo til grustaket på Birkeland vil eg nytta meg av retten min til å komma med ein del kommentarar til forslaget.

Størrelsen på planområdet verkar til å vera sett ut frå omsyn til unngå å måtta laga ein fullverdig KU for heile planområdet, og ikkje ut frå kva som er eit reelt uttaksområde for grus. I forslaget føl ein ikkje eigedomsgrensene men skjer brått av planområdet i nordaust, utan at ein føl eigedomsgrensa. Det er meir alvorlig i denne samanhengen er at ein ikkje tek med det gamle grustaket i nordaust, som Brødrene Selvik brukar aktivt kvar dag i samband med si drift av det andre grustaket. Ein får såleis ikkje fram heilskapen og heilskapstenking for bruken av området. Eg meiner bestemt at det må lagast ein reguleringsplan som dekkjer heile området som ville vore naturleg å ta med i ein slik prosess som dette er, og, det bør vera eit ufråvikeleg krav frå kommunen at ein i alle fall tek med dei områda som allereie er i bruk til føremålet.

Kommentarar til reguleringsføresegnene: Fellesføresegner

2.1: Vidare skal drifta følgje ein driftsplan som er godkjent av direktoratet for mineralforvaltning. Denne driftsplanen bør liggja ved som eit vedlegg til planen.

2.2 Støy. Verksemda i grustaket vert omtala som ikkje impulsprega, sett bort frå bruk av pigghammar. Eg er ikkje einig i denne vurderinga. Bruk av grovknusar er definitivt impulsprega, og det bør gjelda same reglane for bruk av knusar, som for bruk av pigghammar.

Vidare er det kun teoretiske modellar som ligg til grunn for støyberekningane. Og dei er til overmål mange år gamle. Til overmål står det at støyen blir vurdert som ubetydelig ! Dei som trur på dette må gjerne møte opp heime i mitt tun når det føregår knusing, eller ein tippar grov stein frå hjullastar og opp i planet på ein lastebil ein stille morgon. Og endå er ikkje grustaket komme på det næraste til mitt tun. Eg ser med gru på korleis dette blir framover. Det er særskilt viktig at kommunen er tydelige på kva ein kan tolerere av støy nær der det bur folk. Gamle teoretiske modellar er slett ikkje godt nok grunnlag for å seia ja eller nei til bestemmelsar i ein reguleringsplan som blir gjeldande i mange år framover. Klokka 23 er til dømes alt for seint å tillate støyande aktivitetar. Kl 19 er meir enn lenge nok for oss som skal leva i nærleiken av anlegget. Vidare må det vera skjerpa krav til støyande verksemd etter kl 16. Vidare i 2.2 sår formuleringa nedanfor:

§ 3 Tiltakshavar skal gjennom rutiner, kontroll og tekniske tiltak sørgja for at drifta skjer slik at støybelastninga til omgjevnadene til einkvar tid avgrensast så langt det er mogleg til gjeldande krav. Dette er alt for vagt formulert. Støybelastninga SKAL halde seg innafor gjeldande krav.

2.3 Støv. Støv er eit problem i mange pukkverk, og me er sjølvstøvt bekymra for støving hjå oss. Den framherskande vindretning i Sauda er frå sørvest, noko som fører til at me ligg rett i nedfallssonen for

støv. Det er ikkje føreteke støvmålingar på vår eigedom, slik at også her verkar det til å vera eit svært tynt grunnlag til å vedta reguleringsplanen.

### 3.2 Utforming av uttaksområdet

§ 21 Uttak av massar kan skje ned til kote 50 og skråningar skal ha maks. vinkel på 32°. Eg er usikker på korleis desse 32 gradene er å forstå. Vil det sei at skråninga frå botn av anlegget skal vera 32 grader ? I så tilfelle vil dette arealet ikkje vera brukande til landbruksføremål i ettertid. Eller er dette berre midlertidig ? Slik at når arealet er arrondert igjen, så er det normale stigningsforhold slik at arealet er brukande til landbruksjord ?

I det heile teke er det svært vage og heilt manglande omtalar av korleis massen skal tas ut, og korleis areala skal tilbakeførast.

#### 6.2.4 Avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak for å gjera grustaket mindre dominerande i landskapet kan vera å etablera vollane rundt grustaket med vegetasjon, jamfør Direktoratet for mineralforvaltning sitt innspel om å setja av ei buffersoner rundt område for masseuttak. I tillegg vil det være ein fordel om skråningane utformast slakare enn 1 : 1,6 som er lagt til grunn for uttaket. Eventuelt vil ein inndeling i delområde med kantvegetasjon også gi et meir naturleg preg.

I avtale mellom grunneigar og tiltakshavar datert 17.04.13 blei det bestemt at det skulle opprettast ein bankkonto der tiltakshavar er bunden til å setja av 0,5 kroner per tonn masse teke ut frå grustaket, fram til det er 500 000 kroner inne på kontoen. Desse pengane skal så nyttast til å tilbakeføra jorda når drifta er avslutta. I følgje driftsplanen frå 2012 skal heile området planerast ved avslutting av grustaket, og det skal siktast på å skapa mjuke og naturlege overgangar mot terrenget.

I same avtale vert det også fastsett at avtala skal fornyast kvart femte år, med 15 års avtaleperiode ved kvar fornying. Ved kvar avtalefornyng skal det vurderast om det bør tilbakeførast jord på delar av området som ikkje er i bruk. Dette kan sikra at grustaket blir mindre dominerande, også i driftsperioden, enn om alt liq ope.

Ovanfor har eg klippt ut heile kapittelet om avbøtande tiltak frå konsekvensanalysen. Også dette alt for vagt formulert. Eit tiltak kan til dømes vera osv. Ingen tydelige føringar om korleis støyvollane skal lagast, og, eller dekkast med vegetasjon, og eventuelt kva type vegetasjon. Vidare: det skal siktast på å skapa mjuke og naturlige overgangar mot terrenget ! Kva terreng då ? Sikta på ? "Sorry, me traff ikkje." Dette er jo heilt håplause formuleringar å forhalde seg til, og det er ganske spesielt at det ikkje ligg med ein einaste teikning eller modell av korleis landskapet skal sjå ut når uttaket er avslutta. Her snakkar me om det definitivt største terrengingrepet i Sauda si historie, og så fins det ikkje noko mål å meining om korleis dette skal sjå ut etterpå ! Vidare så må kommunen leggja føringar om kor mykje pengar som skal setjast av til å setja heile området i stand att når uttaket av grus er over. Summen på 500,000,-Kr er rett og slett latterleg i denne samanhengen. Same beløpet pr år i uttaksperioden vil vera ein minimumskostnad for å få dette området tilbakeført. Med dei vage bestemmelsane i planen her, så kan i teorien heile området bli liggjande som eit månelandskap fram til drifta er slutt, og då er 500,000,-kr ingen ting med tanke på å få dette området tilbakeført. Politkarane i Sauda har etter mitt syn ei soleklar plikt på seg til å vedta bestemmelsar i reguleringsplanen som sikrar tilbakeføring til landbruksjord.

#### 4.4 Stadens karakter.

I konsekvensanalysen meiner eg at ein bagatelliserer sterkt inntrykket og dei visuelle fylgjene av grustaket. Faktum er, at nesten kor ein er i bygda der ein har heva seg over 200 MOH så ser ein grustaket på Birkeland som eit ope sår i terrenget, og nå skal ein doble arealet; då blir det i alle fall ikkje mindre synleg. Heller ikkje her er det noko god visualisering i planen av korleis dette kjem til å sjå ut dei forskjellige driftsfasane i åra framover.

4.9 Friluftsliv og rekreasjon. Er via heile 6 linjer i konsekvensanalysen. At reguleringsområdet har betydning for rekreasjon og friluftsliv for befolkninga som bur i nærleiken er det ingen tvil om. De nevner sjølv barnehagen, og deira aktivitetar, men det er jo ein kjensgjerning at området er nytta både sommar og vinter til tur og skigåing. Dei siste vintrane har det til og med vore oppkøyrt skiløyer innover moane nettopp i reguleringsområdet. At ein hoppar bukk over dette faktum er rett og slett ikkje godt nok.

4.10 Landbruk: Her er finnes ikkje drøfting av muligheter og konsekvensar for landbruket.

4.12 Barn og unge sine interesser: I konsekvensanalysen meiner ein at eksisterande grustak ikkje har nokon verdi for barn og unge. Det er nok rett, men likegodt så er dette spennande leikeplasser. At det ikkje har skjedd ulukker i det opne grustaket vil eg betegna som flax. Mange er ungene som har stått på brotkanten og spent laus stein og grus for å det rase ned i botn av uttaket. Eg meiner at heile området der det blir tatt ut grus, til ei kvar tid skal vera inngjerda med høgt og solid gjerde.

4.16 Grunnvatn: også her er det svært mangelfulle vurderingar ang konsekvensar. Kva vil det til dømes ha å seia for dei som driv landbruk på Birkeland når grunnvass nivået vert senka som ein følge av masseuttaka ? Og kva vil det kunna ha å seia for kommunens drikkevasskjelde ?

### 6.3.1 Dagens situasjon og verdi

Jordkvaliteten i området er ikkje kartlagd, men figur *Figur 48* viser at store delar av planområdet, og då spesielt den nordaustlege delen, er registrert som dyrkbar jord. Det inneber at dei ved oppdyrking kan vera gode nok til å bli fulldyrka jord. Det er ei utfordring å kunne ta vare på jorda på overflaten på tilgrensande areal og sikra/lagra jorda for tilbakeføring av delområde etter fullført uttak.

Kva betyr dette; og kva gjer ein eventuelt med det ?

Samandrag:

1. Planen tek ikkje inn i seg heile arealet som bør vera med, og som til overmål er i bruk i dag.
2. Det bør liggja ved driftsplan som viser detaljane i drift og utforming av areala.
3. Støy er ikkje på nokon måte godt nok utreda.
4. Støv det same som for støy.
5. Utforming, rekkefølge og tilbakeføring av areala er svært mangelfullt beskrive og ikkje visualisert.
6. Betydinga for friluftsliv er direkte feil.
7. Mangelfull beskrivelse av muligheter og eventuelle konsekvensar for landbruket.
8. Heile uttaksområdet må gjerdast inn.
9. mangelfullt utreda konsekvensar av å senke grunnvassnivået.

Konsekvensanalysen, føresegnene og kartgrunnlaget er i det store og heile så vagt/dårlig og mangelfullt at planen bør sendast tilbake til utbyggjar for ei betydelig forbetring før dette kan leggjast som grunnlag for politisk handsaming.

Når den tid kjem, at dette skal opp til politisk handsaming, så er med dette formannskapet invitert på befarung på Birkeland.

Mvh Ivar Tangeraaas

